



Kommunal- og distriktsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Oppnemning av setjestaatsforvaltar- Alver - 110/5 - Syslak - deling - dispensasjon

Vi viser til brev frå Alver kommune datert 09.04.2022, mottatt hjå Stasforvaltaren 23.03.2023. Saka gjeld vedtak om dispensasjon frå LNF-formålet i kommunedelplanen for Lindåsoseane, Lygra og Lurefjorden og bygge- og deleforbodet i strandsona i plan- og bygningslova § 1-8 for frådeling av tomt for naust.

Alver kommune gav avslag på dispensasjon for oppretting av nausttomt i delegert vedtak i sak 21/5624, datert 30.09.2021.

Vedtaket vart klaga på av Harris Advokatfirma på vegne av tiltakshavar i brev datert 08.10.2021.

Klagen vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 08.12.2021, sak 179/21, der Alver kommune sitt vedtak datert 30.09.2021 ikkje vart oppretthalde og klagen vart tatt til følgje.

Nytt vedtaket vart klaga på av Statsforvaltaren i Vestland i brev datert 24.01.2022.

Klagen vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 23.03.22 med saknr. 042/22, der Alver kommune sitt vedtak i sak 21/5624 med saknr. 179/21, datert 08.12.2021, vart oppretthaldt og klagen ikkje tatt til følgje

Det vart gjeve utsett iverksetting etter forvaltningslova § 42 i brev datert 23.02.2022.

Vi ber om oppnemning av setjestaatsforvaltar for handsaming av klagesak.

Statsforvaltaren i Vestland sender saksdokumenta direkte til setjefylkesmannen etter oppnemning.

Med helsing

Egil Hauge

Hege Brekke Hellesøe



seksjonsleiar

seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Godtfred Syslak
Alver kommune

Skornesvegen 60
Postboks 4

5955
5906

Lindås
FREKHAUG